

Innspelskjema

Oppsummering

Innspel til temaplan

Planprogram for regional plan for areal og mobilitet

Innsendar

Eg sender inn på vegne av Kommune

Org.nr. 944233199

Namn på kommune KVAM HERAD

Adresse Grovagjelet 16

Postnummer/-stad 5600 Norheimsund

Kontaktperson

Namn Heidi Ørjansen

Telefon 90541203

E-post heiorj@kvam.kommune.no

Innspel

Politisk vedtak HST- 072/25 Vedtak:
Kvam heradsstyre sender innspel til planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse og planprogram for regional plan for areal og mobilitet i samsvar med rådmannen sin vurdering. Rådmannen får fullmakt til å levere inn innspel via det digitale innspelsskjema til Vestland fylkeskommune.

Utfyllende merknader Samandrag:
Vestland fylkeskommune har sendt planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse og planprogram for regional plan for areal og mobilitet. Begge planane vil erstatte fleire gjeldande regionale planar.

Det er mange viktige tema som vert teke opp i planprogrammet. Det er positivt at fleire planar vert samla i færre regionale planar. Det er viktig at desse to planane samsvarar med kvarande og har ein god samanheng.

Andre moment som rådmannen trekker fram og som vert sendt som innspel til planprogramma for dei regionale planane:

1. Dei regionale planane må ikkje nytte verktøy som avgrensar det kommunale sjølvstyret. Kommunen ønskjer ikkje at plan- og bygningslova § 8-5 vert nytta som eit verktøy.
2. Planane skal vere rettleiande og ikkje juridisk bindande. Dette gjeld og arealkart som regional plan utarbeidar.
3. Planprogrammet må ta inn noko om E134 – arm til Bergen, denne vil få konsekvens for det overordna transportnettet og regionen.
4. Det må vere eit tilstrekkeleg tilbod for kollektivtransport som korresponderer.
5. Nasjonal turistveg – planen må sei noko om samanheng mellom fylke og stat knytt til nasjonal turistveg og konsekvens for kapasitet og trafikktryggleik med auka turisme på vegnettet.
6. Tydeleg prioritering av ladenettverk i regionen, både for el-bil og tungtransport.
7. Det er viktig med trygge og gode transportveier.
8. Regional plan må følgje dei nasjonale måla for jordvern, strandsone m.m. Regional plan må ikkje verta strengare eller meir avgrensande enn dei statlege føringane.
9. Foreslår litt fleire kriteria for definisjon av regionsenter:
 - a. Om regionsenter har eksisterande vidaregåande skuler
 - b. Aktivitet som kultur- og fritidstilbod
 - c. Konsekvens for miljø dersom befolkninga må fraktast over lengre avstandar for å få regionale tenester
 - d. Konsekvens for kommunen dersom ungdommane må flytte ut av kommunen for å gå på vidaregåande skule. Korleis vil det påverke demografien til aktuell kommune.
 - e. Det må vere kriteria som og gir rom for lokal vekst og utvikling

Saksopplysningar:

Vestland fylkeskommune sende den 21. august varsel om oppstart av to regionale planar.

- Regional plan for verdiskaping og kompetanse
- Regional plan for areal og mobilitet

Den 9. september vart det gjennomført eit innspelsmøte for politikarar og eit innspelsmøte for offentlege instansar, kommunar, frivillige, næringsaktørar m.m.

Vestland fylkeskommune ønskjer innspel til oppstart og planprogram for begge planane.

Det vart kommunisert på møtet at desse to planane skal erstatte fleire regionale planar og at dette er regionale planar som skal gjelde for heile Vestland. Tidlegare har det vore separate planar for Hordaland og Sogn og Fjordane.

Begge planane bygger på Utviklingsplan for Vestland 2024 – 2028 vart vedteken av fylkestinget den 12. desember 2024. Utviklingsplanen er fylket sin samfunnsplan. Hovudmålet er å gjere Vestland betre, den inneheld fire hovudmål, 10 strategiar og 6 utfordringsområde. Det er to raude trådar i utviklingsplanen: berekraft og samarbeid/samhandling.

Regional plan for verdiskaping og kompetanse

Planen skal gi rammer og føringar for utvikling av næringsliv, arbeidsplassar og kompetansefeltet. Den skal vise korleis verdiskaping og kompetanse kan bidra til å nå måla i Utviklingsplan for Vestland 2024–2028. Planen skal og sikre samordning mellom stat, fylkeskommune og kommunar.

Fylkeskommunen foreslår at planen skal omfatte to hovudtema, med deltema:

Omstilling og konkurransekraft

- Moglegheiter og barrierar på tvers av verdikjeder og næringar
- Sirkulærøkonomi
- Innovasjonssystemet

Kompetanse og inkludering

- Breitt og fleksibelt kompetansetilbod
- Gjennomføring og kvalifisering i utdanningssystemet
- Mangfaldig og inkluderande arbeidsliv

Fylket vil at kommunen skal gje tilbakemelding via eit digitalt skjema. Frist for høyring er set til 10. oktober 2025. Det vart kommunisert på møtet at denne fristen vart utsett for kommunar som er avhengig av politiske vedtak.

Fylket har følgjande framdriftsplan:

Utarbeiding av planforslag: november 25 – hausten 26

Høyring og offentleg ettersyn av plan: hausten 26

Endeleg vedtak: desember 26.

Lenke til planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse.

Regional plan for areal og mobilitet

Planen skal:

- gi rammer og retning for korleis areal og mobilitet skal utviklast i fylket.
- vise korleis arealbruk og transport kan bidra til å nå måla i Utviklingsplan for Vestland 2024–2028.
- utvikle eit utbyggingsmønster og senterstruktur som er samordna med infrastruktur for mobilitet, energi og tenester.
- utarbeide differensierte retningslinjer for arealbruk som sikrar utvikling i heile fylket.
- vurdere behovet for regionale planføresegner.
- sikre samordning mellom stat, fylkeskommune og kommunar.

Fylket har følgjande framdriftsplan:

Utarbeiding av planforslag: september 25 – juli 26

Høyring og offentleg ettersyn av plan: juli - september 26

Endeleg vedtak: desember 26.

Fylket sitt mål er at kommunen skal legge den regionale planen som grunnlag for si planlegging og verksemd. Dei legg opp til at kommunane skal verta involvert i planarbeidet.

Sitat frå formål med planen:

«Planen skal vere ein del av ein tydeleg regional politikk, der fylkeskommunen har ei sentral rolle som samordnar og pådrivar. Gjennom samarbeid på tvers av kommunegrenser, sektorar og forvaltningsnivå skal vi utvikle felles mål, strategiar og verkemiddel, tilpassa ulike geografiske og demografiske føresetnader. Natur- og klimakrisa krev ei ny arealforvaltning som tek omsyn

til naturen si tolegrense. Planen skal utvikle prinsipp som balanserer behov for arealbruk og infrastruktur med natur, landskap og ressursbruk. Han skal samle retningslinjer og føringar for arealbruk i Vestland fylke.»

Verkemiddel som kan verta nytta er:

- Mål og strategiar som peiker ut retning og prioriteringar.
- Retningslinjer som kommunane og andre aktørar skal leggje til grunn.
- Planføresegner knytt til retningslinjer for arealbruk som skal ivareta nasjonale eller regionale omsyn og interesser, juridisk bindande og tidsavgrensa jf. plan og bygningslova § 8-5.
- Handlingsprogram som konkretiserer gjennomføring av planen gjennom tiltak, investeringar, infrastruktur og vidareutvikling/vedlikehald av kunnskapsgrunnlag, jf. plan- og bygningslova § 8-1.
- Kart som kan vise strategiske eller tematiske strukturar, verdier eller område/soner i eit regionalt perspektiv.

Planen skal erstatta 7 gjeldande regionale planar.

Senterstruktur

Sitat frå planprogrammet: «I planarbeidet skal det bli definert kva ansvar og godar som følgjer av å bli definert som regionsenter. Det er sentralt at både regionsenterkommunane og kommunane rundt anerkjenner regionsenteret som eit tyngdepunkt i den regionale utviklinga. Regionsenterkommunane og omlandskommunane har ulike føresetnader og funksjonar i den regionale utviklinga, og i planarbeidet vil vi sjå nærare på korleis vi kan differensiere mellom ulike kommunar. Dette vil bidra til ei tydelegare oppgåvefordeling, samordning og prioritering.»

Forslag til kriterium for regionsenter:

- peike ut regionsenter basert på kriterium som:
- Befolkningsgrunnlag
- Reisetid
- Tilgjengelegheit
- Arbeidsmarknadsfunksjon og pendlingsomland
- avklare roller og funksjonar for dei ulike sentera i Vestland
- vurdere å inndele kommunane i kategoriar med ulike mogelegheiter, føringar og strategiar basert på følgjande kriteria:
- Kommunestorleik (befolkning)
- Grad av utbyggingspress
- Tilgjengelegheit
- Nærleik til større byområde eller regionsenter

Transport, gods og logistikk

Planarbeidet skal vurdere korleis vegnett, jernbane, sjøtransport og kollektivtilbod kan verte betre samordna med arealbruk gjennom betre utnytting av eksisterande infrastruktur.

- utvikle strategiar og retningslinjer for korleis transportsystem, regional utvikling og senterstruktur kan bli samordna.
- utvikle prinsipp og strategiar for prioriteringar i transportsystemet.
- utvikle prinsipp og strategiar for å redusere utslepp og klimatilpasse transportsystemet.
- definere hovudstruktur for vegnettet i Vestland, basert på gjeldande klassifisering.
- definere hovudstruktur for kollektivnettet, basert på vedtekne føringar. Dette skal bli sett i samanheng med rammer for framtidig arealbruk.
- utvikle strategiar og retningslinjer for lokalisering, funksjon og samspel mellom sentrale hamner, logistikknutepunkt, transportsystem og anna arealbruk
- bidra til effektiv vare- og næringstransport med god tilgang til hovudvegnett og logistikknutepunkt.

- utvikle strategiar for beredskap og forsyningstryggleik.

Berekraftig arealforvaltning

Areal er ei avgrensa ressurs som må forvaltast med omsyn til dagens behov og framtidige behov. Fylket peikar at vår arealbruk må reduserast, dette kan me gjere gjennom effektiv utnytting, transformasjon av areal og gjenbruk.

- Regionalt utbyggingsmønster – tek utgangspunkt i den regionale senterstrukturen og den overordna transportstrukturen. Plassering av næringsareal og arbeidsplassar skal baserast på ABC-prinsippet (prinsipp om rett verksemd på rett plass, lokalisering av verksemdar i samsvar med mobilitetsprofil og områdets tilgjengelegheit). Andre stikkord her er fritidsbustader, føreseigner for handel, retningslinjer for matjord, naturmangfald, friluftsliv, strandsone, infrastruktur, samfunnssikkerheit og beredskap.
- Bustadutvikling og bumiljø – fylket vil gje retning og støtte i utvikling av bumiljø, styrke kommunen sitt arbeid på bustadfeltet.
- Fritidsbustad, turisme og besøksforvaltning -

Fylkeskommunen ønskjer særleg innspel på følgjande:

- Er føremålet med planen tydeleg formulert og lett å forstå?
- Manglar det vesentlege tema i planprogrammet, eller er det tema her som bør gå ut?
- Kva retningslinjer for bruk av areal synest de fungerer bra i dag? Er det nokre som skaper utfordringar eller burde endrast? Treng vi nye verktøy for å planleggje betre korleis areal blir forvalta?
- Planprogrammet kapittel 2.2.2 foreslår å dele kommunane i fylket inn i kategoriar med ulike mogelegheiter, føringar og strategiar. Planen legg opp til at kommunar kan få litt ulike reglar for arealbruk, avhengig av lokale forhold. Er dei foreslåtte kriteria dei rette å legge til grunn for ei slik inndeling?
- Planprogrammet kapittel 2.2.2 foreslår at planarbeidet skal peike ut regionsenter basert på eit utval kriteria. Har de synspunkt på forslaget til kriteria for regionsenter?
- Finst det tema som bør utgreiast nærare, få større merksemd eller der kunnskapsgrunnlaget må styrkast?

[Lenke til planprogram for areal og mobilitet.](#)

Vurdering:

Rådmannen synest det er fornuftig at fleire regionale planar vert samla i felles planar. Det har vore mange regionale planar å forholde seg til for kommunen. Planprogramma inneheld mange viktige tema for regionen og rådmannen ser at det er viktig for kommunen å ha eit organ som kan vere til hjelp for kommunane og som kan sjå tema litt på tvers av kommunane. Samtidig så må ikkje kommunen miste sjølvstyret gjennom regionale planar, det kommunale sjølvstyret er løfta fram som eit viktig prinsipp i kommunelova. Dei regionale planane bør vere ein rettleiar for kommunen og ikkje førande.

Rådmannen meiner det er uheldig at fylkeskommunen avgrensar det kommunale sjølvstyret ved å nytte seg av planføreseigner etter pbl. § 8-5. Ved bruk av pbl. § 8-5 kan regional plan legge ned forbod mot å iverksette angitt bygge- eller anleggstilltak utan samtykke innafor nærmare avgrensa geografiske område. Rådmannen meiner at det vil vere uheldig å nytte dette som eit verkemiddel. Rådmannen sitt framlegg til vedtak knytt til innspel til planprogrammet for planane er at dette verkemiddelet ikkje vert nytta. Vestland fylkeskommune skal først og fremst rettleie kommunen, det vil vere ei uheldig utvikling at fylket kan gå inn og bestemme kva ein kommune kan eller ikkje kan bygge gjennom ein regional plan. Kjem me i ein situasjon at

dersom ein kommune vil avvike forbod, så må kommunen måtte søke om dispensasjon frå regional plan? Kven skal avgjere ein slik søknad i så fall? Har kommunen moglegheit til å søke om dispensasjon frå eit forbod i regional plan?

Ved bruk av kart som verktøy, meiner rådmannen at det er viktig at regionale kart ikkje vert juridisk bindande. Kart kan vere til hjelp for kommunen knytt til tema, men dei må ikkje overstyre kommunen sine planar. Ved motstrid, så vil kommunen meine at den kommunale planen går føre det regionale kartet.

Kriteria for regionsenter:

- Om det er eksisterande vidaregåande skuler
- Kultur og fritidstilbod
- Konsekvens for miljø dersom befolkninga må fraktast over lengre avstandar for å få regionale tenester
- Konsekvens for kommunen dersom ungdommane må flytte ut av kommunen for å gå på vidaregåande skule. Korleis vil det påverke demografien til aktuell kommune.
- Det må vere kriteria som og gir rom for lokal vekst og utvikling

Det vert foreslått å kategorisere kommunar etter storleik, utbyggingspress og tilgjenge. Dette kan føre til ulik handsaming og ressursfordeling – Rådmannen meiner at planen må sei noko om korleis dette vil påverke kommunane og plassering av regionsenter.

Planen legg opp til sterkare vern av natur, jordvern og strandsone, korleis vil sterkare regionalt vern harmonisere med kommunane sine lokale behov og utvikling. Det er viktig for kommunen at fylkeskommunen ikkje legg opp til strengare vern enn dei nasjonale føringane. Rådmannen tenkjer det er nyttig at fylkeskommunen vil auke kunnskapen knytt til strandsone. Kommunen har ofte gode prosesser med vurdering av korleis strandsona til den enkelte kommune skal takast omsyn til. Det er viktig at planen ikkje set avgrensingar i regional plan som går på tvers av kommunen sine arealplanar. Kommunane i Vestland ligg i ulike kategoriar knytt til strandsone, så det er viktig at fylket ikkje lagar strengare reglar enn det dei statlege retningslinene legg opp til. Mykje av bygga til fjordkommunar ligg i strandsona.

Rådmannen meiner det er viktig at endringar som arm til Bergen E134 fører med seg må vere eit tema i den regionale planen. Rådmannen ser ikkje at dette er nemnt i planprogrammet som tema. Det er viktig å få på plass gode ladepunkt for tungtransporten i samband med viktige knutepunkt. Rådmannen meiner det er viktig med oppgradering av infrastrukturnettet slik at me får trygge og gode transportveier.

Nasjonal turistveg for Hardanger går mellom anna gjennom denne kommunen. Rådmannen meiner det er viktig å få på plass nok kapasitet på anlegg i samband med nasjonal turistveg og trygge trafikklysingar i samband med desse. Det må vere ein god dialog mellom stat, fylke og kommune for slike anlegg.

Fylket legg opp til differensierte løysingar for kollektivtransport i distrikta. For å få eit godt og stabilt tilbod, så er det viktig at transporttilbodet heng saman slik at det skal vere enkelt å koma seg frå knutepunkt til knutepunkt utan for lang ventetid eller manglande korrespondanse. I dag har kollektivreisande i distriktet med nye el-bussar ikkje høve til å ta med ein trillekoffert inn på bussen, dei vert nekta tilgang. Slike reglar medfører auka bilbruk.

Vedlegg

Opplastet

Dokumenttittel	Filnavn	Størrelse
Saksutredning	Uttale til planprogram for regionale plan for verdiskaping og kompetanse og regional plan for areal og mobilitet(489863).pdf	0.13 MB

Relevante lenker